

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1525/98**av 16. juli 1998****om endring av forordning (EF) nr. 194/97
om fastsetjing av høgsteinhaldet av visse ureinande stoff i næringsmiddel(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE
FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellekskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 315/93 av 8.
februar 1993 om fastsettelse av framgangsmåter i
Fellekskapet i forbindelse med forurensende stoffer i
næringsmidler⁽¹⁾, særleg artikkel 2, og

ut frå desse synsmåtene:

Nokre medlemsstatar har vedteke eller tek sikte på å
vedta eit høgsteinhald av aflatoksin i visse nærings-
middel.

I lys av ulikskapane mellom medlemsstatane og den faren
for konkurransevriding som følgjer av dette, må det
gjerast fellekskapstiltak for å sikre ein einsarta marknad,
samstundes som prinsippet om rimeleg samhøve vert
etterlevd.

Kommisjonsforordning (EF) nr. 194/97 av 31. januar 1997
om fastsetjing av høgsteinhaldet av visse ureinande stoff
i næringsmiddel⁽²⁾ må difor utfyllast.

Aflatoksin er mykotoksin framstilte av visse *Aspergillus*-
artar som utviklar seg ved høge temperaturar og høgt
fuktinnhald. Aflatoksin kan finnast i mange nærings-
middel.

Aflatoksin, særleg aflatoksin B1, er genotoksiske
kreftframkallande stoff. Denne typen stoff har ein
skadeleg verknad uansett mengd. Det er difor ikkje
mogleg å fastsetje eit akseptabelt dagleg inntak. Den
noverande vitskaplege og tekniske kunnskapen og betra
produksjons- og lagringspraksis gjer det ikkje mogleg å
hindre fullt ut at denne muggen utviklar seg, og dermed
heller ikkje at aflatoksin finst i næringsmiddel. Grensene
bør difor setjast så lågt som råd.

Det må fastsetjast reglar for akseptable høgstegrenser for
einskilde landbruksprodukt som er tørka og/eller foredda,
og for næringsmiddel for å sikre at menneskehelsa vert
verna på ein fullgod måte og at den indre marknaden
fungerer tilfredstillande når det gjeld slike produkt.

For å minske utviklinga av mugg bør det oppmuntrast til
innsats for å betre produksjons-, innhaustings- og lagrings-
metodane.

Aflatoksingruppa omfattar ulike sambindingar med
varierande giftverknad og med varierande førekomst i
næringsmiddel. Aflatoksin B1 er avgjort den mest giftige
sambindinga. Av omsyn til tryggleiken bør det samla
innhaldet av aflatoksin i næringsmiddel (sambindingane
B1, B2, G1 og G2) og innhaldet av aflatoksin B1
avgrensast.

Aflatoksin M1 er eit stoffskifteprodukt av aflatoksin B1,
og finst i mjølk og mjølkeprodukt frå dyr som har ete
ureina fôr. Sjølv om aflatoksin M1 vert rekna som eit
mindre farleg genotoksiske kreftframkallande stoff enn
aflatoksin B1, må førekomsten av dette stoffet unngåast i
mjølk og mjølkeprodukt som er meinte for konsum, og
særleg for småbarn.

Det er sannkjent at sortering eller andre former for fysisk
handsaming gjer det mogleg å minske innhaldet av
aflatoksin i jordnøtter, nøtter og tørka frukt. For å minske
verknadene på handelen mest mogleg bør eit høgare
innhald av aflatoksin tillast for produkt som ikkje er
meinte for direkte konsum eller som næringsmiddel-
ingrediens. I desse tilfella er høgstegrensene for aflatoksin
vortne fastsette ved at det samstundes er teke omsyn til
verknadene av dei aktuelle førnemnde handsamings-
metodane for høvesvis jordnøtter, nøtter og tørka frukt, og
til kravet om at dei fastsette høgstegrensene for desse
produkta som er meinte for direkte konsum eller som
næringsmiddel-ingrediens, skal vere stetta etter hand-
saminga. I samsvar med utviklinga av den vitskaplege og
tekniske kunnskapen kan grensene for rå nøtter og tørka
frukt vurderast på nytt innanfor ein fastsett frist.

Når det gjeld korn, kan det ikkje utelukkast at sorterings-
metodar eller andre former for fysisk handsaming kan
minske ureininga med aflatoksin. For å kunne kontrollere
kor effektive desse metodane verkeleg er, og eventuelt
fastsetje særskilde høgstegrenser for uforedda korn, vert
det teke sikte på å nytte dei høgstegrensene som er

(*) Denne fellekskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 201 av 17.7.1998, s. 43,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/1999 av 16. juli 1999
om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter,
standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-
tillegget til De Europeiske Fellekskaps Tidende.

(1) TEF L 37 av 13.2.1993, s. 1.

(2) TEF L 31 av 1.2.1997, s. 48.

fastsette i vedlegget, berre i eit avgrensa tidsrom og berre på korn og foredla kornprodukt som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens. Dersom det ikkje finst data som gjev grunnlag for å fastsetje ei særskild høgstegrense for uforedla korn etter ein fastsett frist, vil den fastsette høgstegrensa for korn og foredla kornprodukt som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens, òg gjelde for uforedla korn.

For å gjere det mogleg å kontrollere på ein fullgod måte at dei ulike grensene for dei nemnde produkta vert stetta, bør det nøyaktige bruksføremålet vere påført i form av høveleg merking.

Produkt som har eit høgare innhald av aflatoksin enn den fastsette høgstegrensa, må ikkje omsetjast, blandast med andre næringsmiddel eller nyttast som næringsmiddelingsrediens.

I samsvar med artikkel 5 i forordning (EØF) nr. 315/93 kan medlemsstatane halde ved lag nasjonale høgstegrenser for aflatoksin som dei har fastsett for visse næringsmiddel som det ikkje er vedteke fællesskapsføresegner for.

For augneblinken er det tilstrekkeleg å fastsetje allmenne føresegner for foredla produkt og næringsmiddel som er samansette av fleire ingrediensar. Det kan om naudsynt fastsetjast særskilde høgstegrenser for aflatoksin i desse produkta.

I samsvar med artikkel 3 i forordning (EØF) nr. 315/93 er Vitskapsutvalet for næringsmiddel rådspurt om dei føresegnene som vil kunne verke inn på folkehelsa.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste næringsmiddelutvalet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I forordning (EF) nr. 194/97 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 2 skal nr. 1 lyde:

- “1. a) Når dei produkta som er oppførde i vedlegget til denne forordninga, vert marknadsførde, kan dei ikkje ha eit innhald av ureinande stoff som er større enn dei høgsteinnhalda som er fastsette i vedlegget.
- b) Dei gjeldande høgstegrensene som er fastsette for produkt som er nemnde i del I nr. 2.1.1.1 og 2.1.2.1 i vedlegget, skal òg gjelde for produkt som er foredla av desse, i den grad det ikkje er fastsett særskilde høgstegrenser for slike foredla produkt.
- c) Den gjeldande høgstegrensa for mjølkeprodukt som er tørka, foredla eller samansette av fleire ingrediensar, er den same som er fastsett for mjølk i del I nr. 2.1.3 i vedlegget, samstundes som det vert teke omsyn til den konsentrasjonen som følgjer av tørkeprosessen eller foredlinga av desse mjølkeprodukta, eller av konsentrasjonen av ingrediensane i produktet, i den grad det ikkje er fastsett særskilde høgstegrenser for tørka, foredla eller samansette mjølkeprodukt.”

2) I artikkel 2 skal nytt nr. 4 og 5 lyde:

- “4. Når det gjeld dei produkta som er nemnde i del I nr. 2.1 i vedlegget, er det forbode
 - å blande produkt som stettar dei høgstegrensene som er fastsette i vedlegget, med produkt som går utover desse grensene, eller å blande produkt som har gjennomgått sortering eller andre former for fysisk handsaming, med produkt som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens,
 - å nytte produkt som ikkje stettar dei høgstegrensene som er fastsette i del I nr. 2.1.1.1, 2.1.2.1 og 2.1.3, som ingrediensar i framstilling av andre næringsmiddel,
 - å fjerne ureining frå produkt ved hjelp av kjemisk handsaming.

5. Jordnøtter, nøtter og tørka frukt som ikkje stettar dei høgstegrensene som er fastsette i del I nr. 2.1.1.1 i vedlegget, og korn som ikkje stettar dei høgstegrensene som er fastsette i del I nr. 2.1.2.1, kan marknadsførast på det vilkåret at:

a) desse produkta

- ikkje er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens,
- stettar dei høgstegrensene som er fastsette for jordnøtter i del I nr. 2.1.1.2 i vedlegget og for nøtter og tørka frukt i del I nr. 2.1.1.3 i vedlegget, og
- gjennomgår endå ein handsamingsmetode i form av sortering eller anna fysisk handsaming, og dei høgstegrensene som er fastsette i del I nr. 2.1.1.1 og 2.1.2.1 i vedlegget, ikkje vert overskridne etter denne handsaminga, og sjølv handsaminga ikkje fører til andre skadelege restar,

b) det nøyaktige bruksføremålet til desse produkta vert gjort godt synleg ved merking som inneheld påføringa «Produktet skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming for å minske ureining med aflatoksin før det vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens».”

3) I del I «Ureinande stoff frå landbruket» i vedlegget skal nytt nr. 2 lyde:

“2. Mykotoksin

2.1. Aflatoksin

Produkt	Aflatoksin: høgste tillatne innhald ⁽¹⁾ (µg/kg)			Prøvetakingsmetode	Referansemetode for analyse
	B ₁	B ₁ +B ₂ +G ₁ +G ₂	M ₁		
2.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørka frukt					
2.1.1.1. Jordnøtter, nøtter og tørka frukt og foredla produkt av desse som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2 ⁽⁴⁾	4 ⁽⁴⁾	—	Direktiv 98/53/EF ^(*)	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.2. Jordnøtter som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før dei vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	8 ⁽⁴⁾	15 ⁽⁴⁾	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.1.3. Nøtter og tørka frukt som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før dei vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	5 ⁽⁴⁾ ⁽⁵⁾	10 ⁽⁴⁾ ⁽⁵⁾	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF

Produkter	Aflatoksin: høgste tillatne innhald ⁽¹⁾ (µg/kg)			Prøvetakingsmetode	Referansemetode for analyse
	B ₁	B ₁ +B ₂ +G ₁ +G ₂	M ₁		
2.1.2. Korn (medrekna bokkveite, <i>Fagopyrum sp.</i>)					
2.1.2.1. Korn (medrekna bokkveite, <i>Fagopyrum sp.</i>) og foredla kornprodukt som er meinte for direkte konsum eller som næringsmiddelingsrediens	2	4	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.2.2. Korn (medrekna bokkveite, <i>Fagopyrum sp.</i>) som skal gjennomgå sortering eller andre former for fysisk handsaming før det vert nytta til konsum eller som næringsmiddelingsrediens	— ⁽⁶⁾	— ⁽⁶⁾	—	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF
2.1.3. Mjølkk (rå mjølkk, mjølkk som er meint for framstilling av mjølkkbaserte produkt, og varmethandsama mjølkk til konsum slik det er definert i rådsdirektiv 92/46/EØF av 16. juni 1992 om fastsettelse av hygieneregler for produksjon og omsetning av rå melk, varmebehandlet melk og melkebaserte produkt (TEF L 268 av 14.9.1992, s. 1))	—	—	0,05	Direktiv 98/53/EF	Direktiv 98/53/EF

⁽⁴⁾ Høgstegrensene gjeld for jordnøtter, nøtter og tørka frukt som er meinte for konsum. Dersom heile nøtta/frukta vert analysert, skal resultatata av analysane tolkast slik at all ureininga er å finne i den delen som er meint for konsum.

⁽⁵⁾ Høgstegrensene skal vurderast på nytt innan 1. juli 1999 i samsvar med utviklinga av den vitskaplege og tekniske kunnskapen.

⁽⁶⁾ Dersom det ikkje vert fastsett ei særskild grense innan 1. juli 1999, skal dei grensene som er fastsette i nr. 2.1.2.1 i tabellen, gjelde for dei kornslaga som er nemnde i dette nummeret.

^(*) Sjå TEF L 201 av 17.7.1998, s. 93.»

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1999.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 16. juli 1998.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen